

Protokoll frå årsmøte i LHL Luster 2020

Tysdag 25.02.20 kl. 19.00
på Grandmo lagshus, Gaupne.

Sakliste:

1. Opning
2. Konstituering
3. Årsmelding 2019
4. Rekneskap 2019
5. Budsjett 2020
6. Innkomne saker
7. Val 2020

Sak 1: Opning:

Leiaren i Laget, Astrid Hansen, ønskte velkomen til årsmøte. Ho orienterte vidare om saksgangen i møtet og gjorde så framlegg om Olav Moe som møteleiar. Han overtok så leiinga av møtet. 19 av medlemene var til stades.

Sak 2: Konstituering:

Framlegg:

Innkalling og sakliste var kunngjort i «Sogn Avis» tysdag den 11. februar 2020. Godkjend.

Møteleiar: Olav Moe.

Sekretær: Sigrid Hamre Nyseth.

Godkjenning av møteprotokoll: Astrid Høgi og Helen Kvingedal.

Vedtak: Alle framlegga samrøystes godkjende!

Sak 3: Årsmelding 2020:

Sigrid Hamre Nyseth gjekk gjennom årsmeldinga.

Kommentar: Leiaren i Laget ville gjerne gjera merksam på kostnadane ved tilstellinga i Prestegarden, kr. 450. Her sponsa Laget kvar gjest med kr. 250. Julebordet kosta kr. 425. Her var sponsinga av kvar gjest kr. 125.

Møteleiaren kommenterte at han tykte det hadde vorte gjort eit godt arbeid i Laget dette året, særleg ut frå det oppdraget styret fekk frå årsmøtet 2019.

Elles ingen merknad.

Vedtak: Årsmeldinga samrøystes vedteken!

Sak 4: Rekneskap 2019:

Ole Jan Sønnesyn gjekk gjennom rekneskapet. Dette var revidert av Sverre Bukve og Jon Galde. Driftsresultat synte eit overskot på kr. 17.288.

Ingen merknad!

Vedtak: Rekneskapen samrøystes godkjend!

Sak 5: Budsjett 2020:

Ole Jan Sønnesyn gjorde greie for budsjettet for komande arbeidsår.

Ingen merknad

Vedtak: Budsjettet samrøystes vedteke!

Sak 6: Innkomne saker:

Det var ingen innkomne saker til årsmøtet.

Sak 7: Val 2020:

Dette året har Styret i LHL Luster også vore valnemnd for Laget.

Møteleiaren gjorde greie for valet og det vart gjort følgjande framlegg til styre og nemnder i LHL Luster for 2020.

Styre i LHL Luster 2020:

Kjellrun Sussanne Vigdal, leiar 2020, valperiode 2 år.

Anne Marie Flateby, sekretær 2020,, valperiode 2 år.

Odd Jarle Øy, styremedlem, valperiode 2 år.

Astrid Høgi, likemannsansvarleg/styremedlem, valperiode 1 år.
Oddvar Kvalsøren, styremedlem, valperiode 1 år.

Varamedlemer:

1. varamedlem Ole Jan Sønnesyn, valperiode 1 år.
2. varamedlem: Aud Kristoffersen, valperiode 1 år
3. varamedlem: Alf Henning Evjestad, valperiode 1 år.

Kontrollnemnd: Sverre Bukve og Jon Galde.

Lotteriansvarleg: Styret.

Mediekontakt; Styret.

Økonomiansvarleg og studieleiar: Ole Jan Sønnesyn.

Festnemnd: Astrid Høgi, Oddvar Kvalsøren, Astrid Martinsen, Ingebjørg Sørensen, Helen Kvingedal og Styret.

Valnemnd for 2020: Olav Moe (leiar), Jakob Øygard og Per Hess.

Utsetting til Landsmøtet i LHL: Leiar og den som styret eventuelt måtte peike ut.

Utsetting til fylkesårsmøtet i LHL: Leiar og den styret eventuelt måtte peike ut

Vedtak: Valnemnda sitt framlegg til styret og nemnder i LHL Luster for 2020, samrøystes vedteke!

Astrid Hansen og Sigrid Hamre Nyseth var på val dette året. Dei valde å gå ut av styret. Johannes Harberg valde å gå ut av festnemnda. Desse fekk kvar sin fine orkide og gode ord som takk.

Etter årsmøtet var det matøkt med snittar, blautkake og kaffi. God mat og god prat!

Møtet slutt!


Sigrid Hamre Nyseth
-referent-

Protokollen funnen i samsvar med årsmøtet og godkjend:


Astrid Høgi


Helen Kvingedal